


NORDDAL KOMMUNE



Reglement for godtgjering til folkevalde

Vedteke: Ksak 80/13

Revidert: K.sak 90/14

Revidert: K.sak 93/17

INNHALD:

1.0	Kven reglementet gjeld for.....	side 2
2.0	Formål	side 2
3.0	Møte	side 2
4.0	Godtgjering.....	side 2
4.1	Ordførar	side 2
4.2	Varaordførar	side 3
4.3	Kontrollutval.....	side 3
4.4	Møtegodtgjering	side 3
5.0	Møtetid	side 4
6.0	Erstatning for tapt arbeidsinntekt	side 4
6.1	Omfang	side 4
6.2	Ulegitimert tap	side 4
6.3	Legitimert tap	side 5
6.4	Utrekning	side 5
7.0	Dekking av utgifter.....	side 5
7.1	Reiseutgifter.....	side 5
7.2	Leige av vikar	side 5
7.3	Andre utgifter	side 5
8.0	Utbetaling	side 6
9.0	Tolking	side 6
10.0	Endring	side 6

1.0 KVEN REGLEMENTET GJELD FOR

Dette reglementet gjeld berre for folkevalde/politisk valde representantar si godtgjering m.m. for deltaking i møte og ikkje for administrasjon si deltaking i slike møter m.v. Det omfattar også kommunale føretak

2.0 FORMÅL

Godtgjering til folkevalde er heimla i kommunelova §§ 41 og 42.

§ 41 Dekning av utgifter og økonomisk tap

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerte tap.

§ 42. Arbeidsgodtgjøring.

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

3.0 MØTE

Med møte meiner ein møte/forhandlingar i

- kommunestyre
- formannskap
- underutval, komitear og arbeidsgrupper oppnemnd av kommunestyre eller formannskap
- styre i kommunalt føretak
- komitear/arbeidsgrupper oppnemnd av styre i kommunalt føretak

For at folkevalde skal få utbetalt møtegodtgjering må møtet vere protokollert med opplysningar om m.a. deltakarar, møtestad, møtetid og møtelengd.

Deltakarar på to eller fleire etterfølgjande møter same dag skal sjåast i samanheng og møtegodtgjering vert utbetalt for eit møte.

4.0 GODTGJERING

4.1 Ordførar

- Ordførar si godtgjering er 8,50 G (grunnbeløpet i Folketrygda). Godtgjering dekker alle oppdrag i vervet som ordførar.
- Ordførar får ikkje ytterlegare godtgjering frå Norddal kommune for verv eller deltaking i møter der vedkomande er vald av kommunestyret og representerer Norddal kommune, unnateke godtgjering for reiseutgifter.

- Ordfører vert meldt inn i pensjonsordning for folkevalde og står som medlem i samsvar med gjeldande regelverk for ordninga. Ordfører betalar 2 % av godtgjering til pensjonsordninga.
- Etter funksjonstid, kan ordfører innvilgast etterutbetaling på inntil 3 månaders godtgjering dersom vedkomande ikkje har nærings- eller lønnsinntekt som hovudinntekt etter valperioden.
- Ordfører følgjer HTA og Folketrygdlova sine reglar om ytingar ved sjukdom og permisjon
- Søknad om permisjonar skal handsamast av formannskapet. Ved slik handsaminga skal formannskapet også ta stilling til godtgjering for varaordfører i perioden ordfører har permisjon

4.2 Varaordfører

- Varaordfører si godtgjering vert sett til 6 % av ordføreren si godtgjering
- Godtgjering dekker alle oppdrag varaordfører utfører, inkl stedfortredar for ordfører i denne sin ferie.
- Ved fråver for ordførarar grunna sjukdom eller permisjon og der varaordfører trer inn i vervet etter vedtak i formannskapet, skal det samstundes fastsettast godtgjering til varaordfører for aktuell periode.
- Varaordfører får møtegodtgjering for møter i kommunestyre og formannskap

4.3 Kontrollutval

- Leiar i kontrollutvalet får ei fast godtgjering på 1,5 % av ordfører si godtgjering pr år

4.4 Møtegodtgjering

- Medlemmar og møtande varamedlemmar i kommunestyret, formannskapet, kontrollutvalet og styre i kommunalt føretak får godtgjering på 1 0/00 av ordfører si godtgjering pr møte.
- Leiar i kontrollutvalet får godtgjering på 1,5 0/00 av ordfører si godtgjering pr møte
- Leiar i styre i kommunale føretak får godtgjering etter vedtak i kommunestyret.
- Medlemmar og møtande varamedlemmar i faste, kommunale utval som vert oppnemnd av kommunestyre eller formannskap får godtgjering på 0,75 0/00 av ordfører si godtgjering pr møte.
- Medlemmar i tidsavgrensa komitear eller arbeidsgrupper oppnemnd av kommunestyre, formannskapet eller styre i kommunalt føretak kan få møtegodtgjering på inntil 0,75 0/00 av ordfører si godtgjering pr møte. Fastsetting

av slik møtegodtgjering for komite/gruppe, skal gjerast i samband med vedtak om oppretting av slike.

- Leiarar i utval, komitear og arbeidsgrupper under kulepunkt 4 og 5 får godtgjering på 1 0/00 av ordførar si godtgjering pr møte.
- Medlemmar og møtande varamedlemmar i ungdomsrådet får godtgjering på 0,25 0/00 av ordførar si godtgjering pr møte.
- Leiar i ungdomsrådet får godtgjering på 0,5 0/00 av ordførar si godtgjering pr møte.
- Ved telefonmøte er godtgjering 50 % av møtegodtgjering for utval/komite/gruppe.
- For varamedlemmar som deltek i handsaming av maks 2 saker i eit møte, er godtgjering 50 % av møtegodtgjering for utval/komite/gruppe.
- Tilsette i Norddal kommune som er oppnemnd av kommunen eller vald av tilsette til medlem i utval/komite/nemnd, får ikkje møtegodtgjering. I slike tilfelle betaler kommunen ordinær timelønn
- Følgjande tilfeller gjev ikkje grunnlag for utbetaling av møtegodtgjering:
 - deltaking på møte, konferansar, seminar, kurs m.m. arrangert av andre enn Norddal kommune
 - foredrag, informasjonsmøte eller tilstelingar arrangert av Norddal kommune med møteplikt for folkevalde
 - I slike tilfeller kan det dekkast skyss- og kostutgifter og eventuelt erstatning av tapt arbeidsinntekt.

5.0 MØTETID

- Møtetid for kommunestyre, formannskap, utval/nemnder/komitear og styre i kommunalt føretak vert lagt til måndag –fredag. Møtetid start kl 17.00, slutt kl 19.00. Ordførar eller leiar av utval, kan i samarbeid med administrasjonen endre tidspunkt for møteavvikling ved særskild behov.
- Møtetid vert rekna frå møtestart til møteslutt
- Reisetid kan reknast som møtetid.

6.0 ERSTATNING FOR TAPT ARBEIDSINNTTEKT

6.1 Omfang

- Føresetnaden for at ein folkevald kan krevje erstatning for tapt arbeidsinntekt, er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap.
- Utbetaling vert gjort etter framsett erstatningskrav med vedlagt dokumentasjon.

6.2 Ulegitimert tap

- Kan utbetalast dersom ein folkevald forsømmer sine gjeremål p.g.a. vervet og desse ikkje er mogeleg å ta att seinare.

- Tapet må sannsynleggjerast
- Kan gjelde utbetaling til t.d. pensjonistar, heimeverande, studentar.
- Ulegitimert tap vert godtgjort med timesats utrekna etter HTA med lønn for fagarbeidar med minst 10 års ansiennitet.

6.3 Legitimert tap

- For lønnstakarar må det leggjast fram stadfesting om lønnstrekk frå arbeidsgjevar
- Næringsdrivande må så langt det er mogeleg, innanfor rimeleg grenser, dokumentere og sannsynleggjere tap av arbeidsinntekt. Dette kan vere stadfesting av rekneskapsfører, likningsattest eller liknande. Kompensasjon skal likevel betalast ut der det er vanskeleg å legge fram god dokumentasjon. I slike høve har den folkevalde eit særleg ansvar for at kravet står i best mogeleg samsvar med tapt inntekt og arbeidstid.
- Tap av fritid er ikkje grunnlag for erstatning av tapt arbeidsinntekt
- Legitimert tap_vert godtgjort med reelt lønnstap inntil lønn etter HTA for høgskuleutdanna med minst 10 års ansiennitet.

6.4 Utrekning

- Årstimetall for utrekning av timelønn er 1950 timar. 12 % feriepengar kjem i tillegg til ovannemnde.
- Beløp vert regulert pr 1.1 og/eller 1.7 i samsvar med endringar i HTA.
- Samla timetal vert avrunda til næraste halve time

7.0 DEKKING AV UTGIFTER

7.1 Reiseutgifter

- Reiseutgifter i samband med møte, synfaring, konferansar og liknande vert dekt etter reglar og satsar i det kommunale reiseregulativet. Reiser vert dekkta til og frå heimlassen.
- Det vert ikkje betalt kostgodtgjersle for reiser innan kommunen sine grenser.
- Utlegg skal dokumenterast med kvitteringar
- Lengre reiser skal på førehand klargjerast med formannskapet

7.2 Leige av vikar

- Folkevald som må leige vikar til sitt ordinære arbeid, kan få dekkta dokumenterte utgifter i samsvar med reglane i pkt 6.3 om legitimert tap av arbeidsinntekt
- Det må sannsynleggjerast at vikarleige er nødvendig i kvart enkelt tilfelle.

7.3 Andre utgifter

Dokumenterte utgifter til nødvendig tilsyn med personar med nedsett funksjonsevne, pleietrengande eldre og barn kan dekkast med inntil kr 250 pr møte.

8.0 UTBETALING

- Faste godtgjering og møtegodtgjering vert utbetalt ved utgangen av kvart kvartal.
- Reiserekningar, krav om dekning av utgifter og krav om dekning av tapt arbeidsinntekt (legitimert/ulegitimert) skal sendast inn ved utgangen av kvart kvartal. Siste frist for innlevering av rekningar er innan utgangen av det år den gjeld. Dersom dette ikkje vert gjort vil kravet gå tapt.

9.0 TOLKING

Tvilstilfelle og tolking av reglementet ska gjerast av formannskapet. Dette omfattar også avvik frå reglementet .

10.0 ENDRING

Reglementet skal handsamast minst ein gong pr valperiode eller når kommunestyret finn det naudsynt.